



**Ullensvang
kommune**

Høyringsvar til tilleggsgutgreiing for villrein ved nye kraftverk i Røldal-Suldalsvassdraget, Ullensvang og Suldal kommuner, Vestland og Rogaland fylker.

Ullensvang kommune fryktar at pumpekraftverk i Holmavatn og Votna vil føre til negative konsekvenser for villreinen, og at dette er undervurdert. Ullensvang kommune er tvilande til konklusjonen i rapporten til NaturRestaurering, og deira vurdering av korleis dette vil påverka omsynet til villrein.

Spesielt reagerer Ullensvang kommune på korleis det kan framstå som at kombinasjonen av pumpekraftverk i Votna, sett i samangheng med den planlagte nye tunnelløysinga ved E134, skal føre til ei netto forbetring for tilhøva til reinsdyra. Ein slik konklusjon kan berre stemme, om ein ser på utfordringane til reinsdyra i eit snevert perspektiv.

Utredningane manglar spesielt ei skikkeleg vurdering av samla belastning i dei to villreinområda, samt grundige utgreiingar av verknad og ulemper ved eventuelle avbøtande tiltak. Sett i samanheng, meiner Ullensvang kommune at den samla belastninga på reinsdyra vil verte ytterleg forverra, sjølv om dei planlagte tunnelane vert bygde.

Dersom det likevel vert gjeve konsesjon, krev Ullensvang kommune at det kjem konkrete og absolutte driftsvilkår, som gjev dokumenterbar positiv verknad for villreinen.

Roald Aga Haug
Ordførar